

HORDALANDS UNGDOMSLAG.

Bergen, 22. november 1943.
Strøndgt. 77.

Herr, formann.

I mange år har Noregs Ungdomslag arbeidd for etterreisningi av St. Tomaskyrkja på Filefjell.

Interessa for dette arbeidet har halde seg levande og sterk mellom alle norsklynde menn og kvinner heile tidi, men menings- skilnad om kyrkja skulde byggjast av stein eller tre har seinka arbeidet mykje.

Det er ei landssak å få kyrkja bygd, og ei næressak for all norsk ungdom dette. Små og store pengegåvor har kome inn etter kvart fram gjennom åri. Ungdomslagi må sjå det som sjølv sagt å taka eit lyft her. Ingi sakleg hindring talar i mot. Fylkeslaget vil difor påleggja ungdomslaget å yta ein liten sum til dette føremålet, stor kr. 10, men laget kan etter eige skyn yta meir.

Me torer samstundes minna Dykk om vårt skriv frå 25. aug. d.å., og at De må senda kontingenten for styret. Etter lovi skal lagi senda inn årsmelding innan 10. juli og 10. januar. Dei lag som ikkje har fylgt dette, og heller ikkje har svara på ovan- nemnde skriv, må senda heilårsmelding med spissifisera oppgåve over kven som har leigt eller brukt ungdomshuset til film, turnear o.l. innan 10. januar 1944. Dersom styret heller ikkje etterkjem dette påbodet, må form. senda oppgåve over alder, og yrke for alle mannlige styreslemer i laget innan 15. jan. 1944.

Pengane til Filefjellskyrkja må sendast til Hordaland Ung- domslag innan 15. desember 1943.

Hordalands Ungdomslag

Jak. Bakke.

Hordaland Ungdomslag

Sigurd Skar

Sigurd Skar.

Denne har sagt fram film i ungdomshuset. Helgheim. Dickingtons Reiskinn 2. Februar. 2 filmer. Hvor gang. Pops Lofds Reiskinn 1. Februar 2 filmer. Som ungdomshuset. Helgheim. Svarer by telekust Hordal